

Tabell 5. *Analyse av torvstrømateriale fra Løten.*

Prøve nr.	Uttatt fra dybde, m	Prøven uttatt fra	Aske i vannfri torvstrø	Vannoppsugningsevne i torvstrø med 20 % vann
<i>Almenningen.</i>				
1.	0,5—1,0	Myr nr. 138	2,05 %	11,6
2.	0,2—1,0	» » 218	1,53 „	8,4
3.	0,2	» » 188	2,01 „	7,9
4.	0,5	» » 188	1,85 „	8,2
5.	1,0	» » 188	1,50 „	4,0
<i>Løten bygd.</i>				
6.	0,5	Myr nr. 503, Norsengmyra	4,55 „	6,0

Som det ses av tabell 5, hvor analyseresultatet av de uttatte strøtorvprøver er oppført, har prøvene gjennomgående liten vannoppsugningsevne. Bare prøve 1, uttatt fra myr nr. 138, viser et noenlunde tilfredsstillende resultat. (Forts.)

EIT OG ANNA OM MYRDRYRKING I NOREG FØR I TIDA

Av professor S. Hasund.

I det gamle jordbruket var det visseleg ein ukjend praksis å dyrka opp myr til åker og eng. Korn var så å segja det einaste produkt åkeren skulle bera; men til kornavl var myra lite skikka, då visst med de hjelperåder folk den tid hadde, og trongst det meir åker, så fanst det fastmark nok å dyrka opp. Så vidt eg kan sjå er myrdryrking heller ikkje nemnt i dei eldre sogekjeldor.

Det var i det 18. hundreåret at det vakna interesse for myrdryrkinga som for så mange andre sider av jordbruket. Fra 1750-åra og utetter var det mange føregangsmenn som sette slike dyrkingstiltak i verk, og det vart stundom skrive om myrene i bygdeskildringar og økonomiske magasin, samtidig med at patriotiske «Opandre jordbrukstiltak. Ein norsk føregangsmann fortel såleis alt i muntrings-Selskaber» sette opp premier for myrdryrking som for 1757 i eit dansk magasin om myrdryrkingsarbeidet sitt, og frå den tid og utetter tek myrdryrkinga sin plass mellom alle dei andre oppgavor som vart dryfte og tilråda og premierte.

I visse måtar var det og betre vilkår for ei lønsam myrdrking i det 18. hundreåret enn det hadde vore før. Det var ikkje lenger berre tale om å dyrka korn; engvokstrar og fôr-rotvokstrar skulle nå ha ein plass på den dyrka jorda jamsides med kornet, og til desse voksterslaga er myrjorda noko betre skikka enn til korn. Og opplysningstida førte og med seg ein vissare kjennskap til grøfting, kalking, brenning og jordkøyring av myrjorda, og til visse slag skiftebruk som sagdest vera bra på myr. Og med alle dei nye ting som melde seg i tida, fylgde eit optimistisk syn på jordbruket i det heile; det vart til og med sagt at myrdrkinga hadde ei stor framtid i landet. Denne tanken heldt seg merkeleg lenge og vart stundom halden fram med stor styrke.

Av einskilde føregangsmenn som dyrka opp myr før 1800 skal eg her nemna berre nokre få. Ein O. Holmboe skriv i 1757 at han tok opp teiggrøfter gjennom myra, og frå botnen av grøftene spadde han opp mergelleir som han så trilla ut over teigene. — Kjøpmann Arent Hetting i Halden fekk i 1786 arvefeste på ei myr under Porsnes bruk; han ville dyrka ho opp til åkerland. — Prost Stoltenberg i Ås var sokneprest der i 1758—1801. Wilse fortel om ham at han «har ved 2—3 Alen brede og 1 Alen dybe Grøfter udtørret den nærliggende Mose ei alene til Eng, men endog til Ager». (Det kan ikkje vera As-mosen det her er tale om; det var truleg den myrlende legda mellom Frydenhaug og Amagerjordet. Direktør Dahl skreiv nemleg i 1862 at det låg 69 mål myr i Ås-avdelinga, d. e. prestegards-innmarka. Myrlaget der er no mest bortrottna etter dei mange års bruk).

I premilistene frå vitenskapsselskapet i Trondheim og frå dei landhushaldsselskap som vart skipa i denne tida kan ein få opplysning om mange andre myrdrkingsarbeid. Det ville ta for mykje plass å referere dei alle; eg skal berre ta med nokre døme frå listene åt vitenskapsselskapet som tok til med slik premieutdeling alt i 1773.

1774. Paul Thynes, Skogn, 71 mål.

» Mathias Kleppen, Sauland, 60 mål.

1775. Jon Engeland, Gausdal, ei djup myr.

1776. Anders Kattem, Melhus, dyrking på Ustmyra.

Slik heldt det fram med premiar for myrdrkarar i ymse herad, i Frosta, Jelsa, Holt, Ørlandet osv.

Då Selskapet for Norges Vel tok til med sitt arbeid i 1810 fekk det straks mykje å gjera med myrdrkingssaka. Overlærar Flor kom med et framlegg om at selskapet skulle skipa eit «korps» som skulle grava ut myrer og pøytor o. l. Jordbruksklassa avviste tanken. Flor ville dessutan at selskapet skulle setja opp ein premie for ei rettleiing i uttapping av myrer og bortleiing av vatn; men klassa svara at ei slik rettleiing alt låg føre (truleg av Jacob Aall). Samstundes kom det inn ei førestelling frå distriktskommisjonen i Trondheim om oppdyrking av Ustmyra, ei sak som vi skal nemna litt om nedanfor.

I 1811 gav selskapet ut eit band av sine Oeconomisk-technologiske Samlinger, og der var der teke inn ei avhandling «Om Norges Myre» av Jacob Aall. Det er ei for si tid god utgreiing. Forfatteren tilrårder jordkøyring og kalking av myra, og han reknar myrdryrkinga for ei så viktig sak at ein bør hjelpa ho fram med lempelege lån som kan betalast attende i små avdrag. Premiar kan nok vera bra, men dei kjem mest til folk som har god makt.

Det ser ut til at jordbruksklassa og direksjonen i selskapet la seg desse råd på minne, for i mange år utetter løyvde selskapet lån til myrdryrking etter kvart som selskapet fekk legatpengar til å låne ut. Vi ser til og med at klassa gav direksjonen det råd, at legatmedelen fyrst og fremst burde lånast ut til folk som ville dyrka myr. Store legatsummar fekk selskapet ikkje til å arbeida med i fyrste tid, men noko kunne det gjera, som ein vil sjå av denne lista over myrdryrkingslån:

I 1815 2500 riksbankdaler nv. (namneverdi) til oppdyrking av Hornsetmyra i Rendalen; det var ei vidd på 7—800 mål myr som låg ikring utlaupet av Rena i Lomnessjøen. Arbeidet vart planlagt av skoginspektør Ramm og kontrollert av han, og det vart ferdig i 1820-åra. — I 1816 fekk pastor Gotwald låna 1000 rbd. nv. til dyrking av 100 mål myr på kapellangarden Sodestad på Toten. — I 1817 fekk rittmeister Tordenskjold eit lån på 1000 rbd. nv. til oppdyrking av 36 mål myr på Øhre i Rygge. — Same året fekk rittmeister Rasch låna 500 spd. til myrdryrking på Mustorp i Eidsberg. — I 1822 fekk Erik Fjeld i Aremark 50 spd. til same føremålet. — I 1826 lånte kaptein L. Mariboe 3000 spd. til oppdyrking av 600 mål myr på Eidsgodset i Høland. Året etter lånte Erik Bekkhusmyra i Håbøl 100 spd. til oppdyrking av ei stor myr. — I 1833 fekk kaptein Seip på Ringerike låna 300 spd. til nydyrking av myr. — Professor Maschmann, som i mange år var formann i jordbruksklassa i selskapet, lånte i 1847 500 spd. til oppdyrking av ei myr på Svartorsetra i Sørkedalen. — I 1848 lånte Engebret Tandberg på Ringerike 400 spd. til myrdryrking. — Sidan kom det og inn ymse søknader om lån, men dei vart då helst sende til Kyrkje- eller Indredepartementet som hadde offentlege fondspengar til utlån. I 1851 vart dessutan Hypotekbanken skipa, og i 1857 fekk riksstyret løyvd pengar serskilt til utlån til myrdryrking.

Selskapet for Norges Vel løyvde ikkje gjerne premiar for praktiske tiltak i bygdene; direksjonen meinte at dei lokale laga skulle ta seg av slike ting. Men unnantaksvis gav selskapet i 1843 ei premie til ein gardbrukar i Fjære som hadde dyrka opp 52½ mål myr, likeeins fekk Ole Asper i Kråkstad ein premie i 1853 for oppdyrking av 20 mål, og i 1868 sende selskapet sin store sylvmedalje til Emil Seehusen Berge for myrdryrking. Sume underavdelingar av selskapet melder at dei premierte myrdryrkingsarbeid. Rødøy sokneselskap sette såleis opp premiar for slike tiltak, landhushaldsselskapet i Lister og Mandal amt melde i 1831 at det hadde premierte ein gardbrukar for myr-

dyrking, og Romsdals amts landhushaldsselskap gav i 1868 ein premie til Ingeborg Øverås, som hadde rudt eit bureisingsbruk på myr under Vestnes gard. Jamsides med desse laga dela vitskapsselskapet i Trondheim av og til ut premiar for tiltak av dette slaget.

Elles hadde både Selskapet for Norges Vel og ymse lokale lag mange planar framme om dyrking av myrvidder. Desse planane viser kva føregangsmenn tenkte om saka den tid, så eg nemner dei her endå om dei ikkje vart fullførde den gongen. Frå distriktskommisjonen i Skien kom det i 1810 ein søknad inn til selskapet om å få utarbeidd ein plan for nedtapping av Børsesjø og Leirkupelva i Gjerpen, så dei store Frogn- og Løbergmyrene kunne bli oppdyrka. Direksjonen fekk major Aubert til å ta seg av dette, og i 1812 hadde han planen ferdig; men arbeidet vart ikkje gjort før langt seinare, for selskapet hadde ikkje pengar til så store tiltak, og i dei vanskelige tider som fylgde var det uråd å reisa pengar på annan måte og. — Samstundes kom det føreteljing frå distriktskommisjonen i Trondheim om dyrking av Ustmyra. Direksjonen syrgde for å få kongen til å senda dit nord ein mann som skulle ta opp kart over myra. — Distriktskommisjonen i Kongsvinger søkte i 1811 om lån til å dyrka opp den store Farsetmyra i Odal. Direksjonen rådde kommisjonen til å granska myra fyrst. Granskinga viste at myra nok kunne turrleggjast, men óg at ho var «ondartet» av bonitet. Likevel gjorde kommisjonen ein freistnad med å få skipa eit aksjelag til grøfting av myra. — Stortingsmann Neergaard gjorde i 1830 selskapet merksam på dei store Hustadmyrene i Romsdals amt, og direksjonen skreiv ut av saka den gongen. — I 1834 sende Bratsberg amts landhushaldsselskap inn ei føreteljing om oppdyrking av fjellmyrer, ei sak som selskapet ikkje tok opp før i 1900, då landhushaldsselskapet i Nedenes fekk 100 kr. til forsøk med å dyrka opp fjellmyrer til setervoll. Vi legg óg merke til at agronom Christensen i 1853 talar om dyrkinga av Stormyra i Frogn.

Det var óg sume lokale lag som la i veg med myr dyrking. Verdal sokneselskap melde såleis alt i 1812 at det ville mæla opp og førebu oppdyrking av Leinsmyrene attmed Stiklestad, og seinare kunne laget melda at arbeidet hadde god framgang. Berg sokneselskap melde i 1813 at dei der ville freista dyrka opp ei stor myr «efter den engelske Methode, ved at brænde Jordskorpen og siden udsaae Vinterrug med Thimoteifrø». Og i 1831 streva Skogn sokneselskap med å få oppdyrka den 140 mål store Prestegardsmyra. Eit lokalt lag må vel óg ha teke til med myr dyrking i Tjølling i 1811 sidan byfut Rasmussen i Larvik det året gav 200 riksdaler til dyrkinga av ei stor myr der. Eit tiltak som Romsdals amts landhushaldsselskap ville setja i verk i 1850-åra skal bli nemnt nedanfor.

Det segjer seg sjølv at når myr dyrkinga stod så høgt i kurs som lagsoppgåve, så var det óg mange privatmenn som dyrka myr

utan lån og utan å bli utmerkte med premiar. Men det er berre reint tilfelleleg at slike rudningsmenn blir nemnde i aviser eller meldingar, og oftast er det uråd å få greie på omfanget av arbeidet deira. Eg nemner likevel eit par menn som er omtala i samband med store myrdrkingstiltak.

Kjøpmann J. Young i Kristiania segjest å ha dyrka opp dei store myrene på Østensjø i Aker til eng; det synest ha gått føre seg i åra ikring 1820. — I Morgenbladet for 1829 priser prost N. Hertzberg nokre Bergenskjøpmenn for deira nyrudningsarbeid, og segjer: «Du Grieb (Grieg?) med din store Myr, hvor jeg engang sank ned under Armene med Maalekjæden; nu saa jeg denne Sommer samme Hængedov — Sjæle-Opdyrkerens herlige Ord runde mig ihu da jeg skuede Myrens Smaablomster: «Salomo i al sin Herlighed var ei klædt som en af dem». — G u n d e r I n g s t a d i Helgeroa dyrka opp ei myr på 73 mål i åra 1804—10. — Det dyrkingsarbeidet som konsul Jervell sette i gang på Furlandsmyra i Vestnes vil bli nemnt nedanfor.

Om dei dyrkingsmåta ne som vart brukt i denne perioden utover til 1850-åra er lite meir opplyst enn det som er sagt ovanfor. Det var nok det vanlege å grøfte myra med opne veiter, og på Hornsetmyrene hørde det med til dyrkingsplanen å skjera av tilsiget av vatn til myra etter Elkington-systemet, ein metode som alt Jacob Aall kjende til. Teiggrøfting er òg nemnt. Påkøyring av grus eller leir var nok halde for å vera den beste måten, og sume meinte at dette var eit vilkår for god myrdrking. Kalking og mergling er òg såvidt nemnt. Brenning er omtala av Berg sokneselskap i Austfold, som vi ser, og til Selskapet for Norges Vel kom det i 1849 inn ein rapport frå Aurskog, der det er sagt at myrbrenning (avsviding) no breider seg der i bygda.

Om det store og dyre dyrkingsarbeidet på U s t m y r a nord-med Trondheim har det vore skrive så mykje*) at det må vera nok å nemna saka stutt. Det var ikkje det store omfang av dette arbeidet som gjorde det så åtgådd, for det var fleire myrdrkingsarbeid i landet som hadde vel så store dimensjonar som dette. Men to konger oppnemnde sakkunnige menn til å kartleggja myra og planleggja arbeidet, to kongelege selskap dreiv dyrkinga i fleire år, det fyrste med tilhjelp av lån frå Opplysningsfondet, og direksjonen i Selskapet for Norges Vel sa reint ut at det var ei nasjonaloppgåve å få dyrka opp dei myrviddene som Ustmyra er ein part av. Så mykje større var vonbrotet då direksjonen endeleg vart klår over at arbeidet vart mislukka. Då Selskapet for Norges Vel i 1856 selde sin part av myra, var direksjonen komen til det resultat at myrdrking her i landet var eit ulønsamt arbeid. Likevel hadde det aldri vore så stor og ålmen interesse for myrdrkingssaka i Noreg som just i 1850-åra. Til og med frå Trøndelag kom det då inn til selskapet 3 søknader om lån til myrdrking.

*) Sjå t. d. Meddelelser fra Det norske myrselskap for 1905.

Konsul Jervell på Molde heldt då på med sitt dyrkingsarbeid på Furlandsmyra i Vestnes. Han lagde myra opp i «benkar» eller høge teigar etter den svenske Ekensteen-metoden. Denne dyrkingsmåten var då ny her i landet, men Romsdals amts landhushalds-selskap gjekk straks inn for metoden og «gjekk til aksjon». I 1854 sende dette selskapet ein søknad til Selskapet for Norges Vel og Indredepartementet om å få 2000 spd. til honorar til Ekensteen for ei forbetring av benkingismetoden, som han sagdest å ha funne opp. Rett nok visste dei ikkje kva denne reformen gjekk ut på, men Ekensteen ville sjølv koma til Romsdalen og demonstrera metoden. Direksjonen for Norges Vel kvidde seg for å betala eit drugt honorar for ein ukjend metode, og departementet hadde heller ikkje lyst til å kjøpe katta i sekken, så Ekensteen fekk truleg berre eit mindre honorar etter ei privat innsamling. Metoden hans viste seg å vera berre ein sers måte å brenna myrortov på og så utspreiing av oska.

Året etter, i 1855, sende Romsdals amts landhushaldsselskap ut ei innbyding til aksjetegning i eit lutlag som skulle dyrka opp Sylte-myra etter benkingismetoden. Selskapet for Norges Vel fekk òg innbyding til å stødja tiltaket. Men direksjonen fekk nå ein av dei nye statsagronomane, Åhlstrøm, til å sjå både på Ustmyra og på anlegget på Furland, og i rapporten sin tok han greit avstand frå benkingismetoden. Direksjonen svara då at selskapet ikkje ville setja pengar inn på ein dyrkingsmetode som det var så ulike meiningar om. Ut på hausten 1857 gjekk det eit økonomisk uvér over landet, og myragitasjonen i Romsdalen stilna av.

Men same året, i 1857, gav Stortinget riksstyret fullmakt til å låna ut 118,000 spd. «til selskaper, interessentskaper eller private til myrers uttapning og opdyrking i landets forskjellige egne». Dette var opptaket til Myrdryrkingssundet av 1878. Når såleis staten gjekk direkte inn for fremjing av myrdryrkinga, kan det ha interesse å nemna eit par ting som viser kva staten tidlegare hadde gjort for myrdryrkingssaka.

Alt i 1821 gjorde kjøpmann Young framlegg til Stortinget om ei lov som skulle gi forskrifter for oppdyrking av myr. Storkomiteén meinte det var nok når ein var merksam på dette under utarbeiding av ei lov om bortleiing av vatn.

Til arbeidet på Ustmyra i 1820-åra fekk vitskapselskapet hjelp av Opplysningsfondet, enda dette fondet då var nytt og hadde lite pengar å låna ut. Men alt i 1827 sende likevel Kyrkjedepartementet ut ei kunngjering med tilbod om lån av dette fondet «til driftige landmenn», og mellom dei oppgåver som ein kunne få lån til er serskilt nemnt graving av grøfter, bortleiing av vatn og uttapping av myrer. Og fondet voks år for år så det kunne låna ut fleire pengar; men det er sjølv sagt inga lett sak å få greie på kor mykje det vart utlånt av dette fondet og av statsgodsfondet til myrdryrkinga.

I fyrstninga var det ikkje så liten søknad etter lån av dei pengane som riksstyret fekk i 1857 til myrdryrkingslån; men søkninga minka fort, for låna skulle betalast attende på 10 år, og det var trønge tider i landet. I 1863 vart det vedteke at desse låna kunne nyttast til grøfting av vanleg fastmark óg. I 1878 vart det skipa eit fond på 120,000 kroner til myrdryrkingslån, og ut gjennom åra vart det så gjort ymse brigde med dette fondet, såleis at lånetida vart auka til 15 år, renta etter kvart sett ned frå 4 til $2\frac{1}{2}$ %, fondet fekk i 1892 det meir høvelege namnet Jorddyrkingsfondet, og det vart samstundes gjeve høve til små lån mot kommunetrygd. Tilskipa på denne måten vart fondet sers populært, og fondskapitalen har difor vorte auka gong på gong.

Det er visseleg uråd å få greie på kor mykje myr som har vorte dyrka i desse tiåra frå 1857 til ikring hundreårsskiftet, for mykje av fondslåna vart no nytta til dyrking av våtlendt fastmark, og ikkje heller har det i praksis vore drege nokor grei grense mellom myr og anna rålende. Her må eg elles minna om dei store myrviddene som i desse tiåra er innvunne etter dei mange store uttappingsarbeid staten har gjeve tilskot til, og som etter kvart har vorte oppdyrka. Og det har interesse å nemna det store myrdryrkingsarbeidet som statsråd Astrup sette i verk i Svanvika på Nordmøre.

Men det vi mest bør festa oss ved er det aukande skjønn på myrbonitetane som voks fram i denne perioden. Like ut til 1850-åra var det opplysningstida med si optimistiske framstegsvilje og framstegs-tru som dreiv verket; men etter den tid vakna tvilen og kritikken og etter kvart det syn på saka at visse slag myr var uskikka eller lite skikka for dyrking. Det mislukka dyrkings tiltaket på Ustmyra, direktør Dahls grøfting på den umoglege Åsmosen og andre mistak lagde god grunn under kritikken. Landbruksskulane og reisefunksjonæranne heldt seg dessutan så nokolunde à jour med det som gjekk føre seg på området i andre land, og i kunstgjødsla fekk jordbruket i slutten av hundreåret ei hjelperåd som har hatt serleg mykje å segje for myrdryrkinga. Det er karakteristisk for omskiftet i synet på saka at Selskapet for Norges Vel i 1894 gav stipend til to agronomar som ville studera myrgransking og myrdryrking i andre land (Stangeland, Jåstad), og at Stangeland i fleire år etterpå fekk reisepengar av selskapet til gransking av norske myrer. Då så Det norske myrselskap sette sin myrforsøksstasjon i gang i 1907 var vegen åpna for ei systematisk gransking og forsøksverksemd som grunnlag og rettleiing for myrdryrkinga i landet.